

# Årsrapport 2023

Stiftinga Opera Nordfjord  
Organisasjonsnr. 980 372 898

## Innhold:

### Årsberetning

### Årsregnskap

Resultatregnskap

Balanse

Kontantstrømsoppstilling

Noter

### Revisjonsberetning

## Resultatregnskap pr 31.12. Stiftinga Opera Nordfjord

	Note	Regnskap 2023	Regnskap 2022
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekt		2 661 691	2 313 283
Annen driftsinntekt	1	9 794 272	9 142 048
Sum driftsinntekter		12 455 963	11 455 331
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad		4 263 983	4 652 955
Lønnskostnad	2	2 963 808	3 692 288
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler		9 629	4 687
Annen driftskostnad		5 734 935	5 179 166
Sum driftskostnader		12 972 354	13 529 096
Driftsresultat		-516 391	-2 073 765
<b>Finansposter</b>			
Annen renteinntekt		54 541	34 002
Annen finansinntekt		5 255	10 068
Annen rentekostnad		1 400	266
Netto finansposter		58 396	43 804
Resultat før skattekostnad		-457 995	-2 029 961
<b>Skattekostnad</b>			
Årsresultat		-457 995	-2 029 961
<b>Overføringer og disponeringer</b>			

Roy Jon B. Hyllebø  
 Lise E. H.  
 Pordis Hjeltnes Taus  
 Sonja Edvardsen  
 Sølfrid Bredal

## Balanse pr 31.12. Stiftinga Opera Nordfjord


	Note	Regnskap 2023	Regnskap 2022
<b>Anleggsmidler</b>			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	4		9 629
Sum varige driftsmidler			9 629
Sum anleggsmidler			9 629
<b>Omløpsmidler</b>			
Kundefordringer		347 000	77 000
Andre fordringer		19 676	38 664
Sum fordringer		366 676	115 664
Bankinnskudd, kontanter og lignende	3	777 931	774 391
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		777 931	774 391
Sum omløpsmidler		1 144 607	890 055
Sum eiendeler		1 144 607	899 684

## Balanse pr 31.12. Stiftinga Opera Nordfjord


	Note	Regnskap 2023	Regnskap 2022
<b>Egenkapital</b>			
Aksjekapital		260 000	260 000
Sum innskutt egenkapital		260 000	260 000
Annen egenkapital	5	-367 318	90 677
Sum opptjent egenkapital		-367 318	90 677
Sum egenkapital		-107 318	350 677
<b>Gjeld</b>			
Leverandørgjeld		241 927	148 473
Skyldige offentlige avgifter		282 052	204 898
Annen kortsiktig gjeld		727 947	195 636
Sum kortsiktig gjeld		1 251 926	549 007
Sum gjeld		1 251 926	549 007
Sum egenkapital og gjeld		1 144 607	899 684

Nordfjordeid 31.12.2023/07.02.2024


Stiftinga Opera Nordfjord




Randi Nyhammer Taklo  
Styreleder




Sonja Edvardsen  
Styremedlem



Grete Berntzen  
Styremedlem



Solfrid Bjørkum  
Styremedlem



Roy Aron Myklebust  
Styremedlem

# Noter 2023

## Stiftinga Opera Nordfjord Organisasjonsnr. 980 372 898

### **Note - Regnskapsprinsipper**

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapslovens alminnelige bestemmelser samt god regnskapsskikk for små foretak.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfell til betaling innen eitt år etter balansedagen, samt poster som er knytt til varekretsløpet. Omløpsmidler er vurdert til laveste verdi av andskaffelseskost og virkelig verdi.

### **Salgsinntekter og kostnader**

Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer på leveringstidspunktet. Inntekter er vurdert til virkelig verdi av vederlaget. Kostnadsføring skjer i samme periode som tilhørende inntekt.

Selskapet er ikke mva-pliktig, og alle tall er brutto omsetning og kostnad.

### **Hovedregler for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld**

#### **Klassifisering og vurdering av balanseposter**

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som knytter seg til varekretsløpet. For andre poster enn kundefordringer omfattes poster som forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen.

Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfaller senere enn ett år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### *Varige driftsmidler*

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk i virksomheten er klassifisert som anleggsmidler. Driftsmidler er aktivert til anskaffelseskost. Tomter og boligeiendommer avskrives ikke. Driftsmidler med begrenset levetid avskrives planmessig over antatt levetid. Driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ventes å ikke være forbigående.

For egentilvirkede anleggsmidler har selskapet benyttet unntaksregelen for små foretak som gir adgang til å unnlate å ta med faste tilvirkningskostnader ved beregning av anskaffelseskost.

#### *Fordringer*

Langsiktige fordringer vurderes til anskaffelseskostnad med mindre virkelig verdi er lavere, og forventet tap ikke ansees å være av forbigående art.

Kundefordringer og andre kortsiktige fordringer vurderes til pålydende etter fradrag for forventet tap. Avsetning for tap gjøres basert på individuell vurdering av vesentlige kundefordringer. For øvrige kundefordringer gjøres det en uspesifisert avsetning for forventet tap. Andre kortsiktige fordringer vurderes individuelt.

#### *Gjeld*

Langsiktig og kortsiktig gjeld er vurdert til nominelt beløp på etableringstidspunktet fratrukket avdrag og nedbetaling.

#### *Varelager*

Varelager vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet og virkelig verdi. Virkelig verdi beregnes som forventet framtidig salgsverdi fratrukket salgskostnader. For egentilvirkede varer har selskapet benyttet unntaksregelen for små foretak, som gir adgang til å unnlate å ta med faste tilvirkningskostnader ved beregning av anskaffelseskost.

### **Note 1 Offentlege midler**

	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Statstilskot KKD	5 525 000	5 250 000
KKD Mangfold og inkludering	210 000	
Fylkestilskot	1 795 000	1 795 000
Kommunale tilskot	579 643	613 929
Ekstraordinære midlar KKD		200 000
Norsk Kulturråd	300 000	

### **Note 2 - Lønnskostnader mv.**

	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Lønnskostnader	2 541 037	3 146 391
Arbeidsgiveravgift	280 634	333 831
Pensjonskostnader	142 136	205 676
Andre ytelser, honorar til selvst,næringsdrivende	3 478 796	3 907 999
<b>Sum</b>	<b>6 442 603</b>	<b>7 593 897</b>

Selskapet har sysselsatt 2,5 årsverk i regnskapsåret.

### **Note 3 - Bankinnskudd**

Bundne skattetrekksmidler

171 342

Note 4 - Varige driftsmidler

	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	Driftsløsøre, inventar, verktøy mv.	Sum
Anskaffelseskostnad 01.01.23	0	62 500	62 500
Tilgang kjøpte driftsmidler	0	0	0
Tilgang egentilvirkede driftsmidler	0	0	0
Avgang realiserte driftsmidler	0	0	0
Investeringsstilskudd, nedskrevet	0	0	0
Anskaffelseskostnad 31.12.23	0	62 500	62 500
Akkumulerte avskrivninger 31.12.23	0	-62 500	-62 500
Akkumulerte nedskr. 31.12.23	0	0	0
Akk. reverserte nedskr. 31.12.23	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.23	0	0	0
Årets avskrivninger	0	9 629	9 629
Årets nedskrivninger	0	0	0
Årets reverserte nedskrivninger	0	0	0
Økonomisk levetid		7-8 år	
Avskrivningssats	0%	0-12,5%	
Avskrivningsplan		lineær	
Balansef. lånekostnad egentilv. dr.m.	0	0	0
Balanseførte leieavtaler	0	0	0

Note 5 - Egenkapital

	Grunnkapital	Stiftingskapi tal	Opptjent egenkapital	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2022	100 000	160 000	90 677	350 677
Prinsippendringer og korrigeringer				
Egenkapital 01.01.2023	100 000	160 000	90 677	350 677
Årsresultat			-457 995	-457 995
Andre endringer				
Egenkapital 31.12.2023	100 000	160 000	-367 318	-107 318



## Styret si årsmelding for 2023

### Føremål:

Stiftinga Opera Nordfjord (ON) har som føremål å skape eit levande og inkluderande operamiljø i Nordfjord og omliggjande distrikt ved mellom anna å produsere operaer, operetter, ballett og musikalar av høg kvalitet. Opera Nordfjord har kontoradresse Nordfjordeid. Styret har i 2023 drive ON i samsvar med føresegner for private stiftingar. Styret hadde seks styremøte og handsama 66 saker i 2023. Årsmøtet vart halde 27. april.

### Innleiing

2023 vart eit svært aktivt produksjonsår for Opera Nordfjord, sidan vi feira 25 år med opera i Nordfjord. I april gjennomførte vi vår store konsert-turné med *Verdis Requiem* i samarbeid med musikklinjekora ved Firda vidaregåande skule og Volda vidaregåande skule, med til saman tre konsertar. Vi arrangerte *Sommarskule* for born og unge i juli. Den 2. oktober hadde vi urpremiere på utvandarmusikalen *Soga om Sol* av Øystein Wiik og Gisle Kverndokk med nesten utselde hus. I desember hadde vi noregspremiere på familieoperaen *Snøsystema* av Magnus Johansson og Anna Berg, basert på boka *Snøsøsteren* av Maja Lunde. I tillegg arrangerte vi to velgjerdsskonsertar i Eid Kyrkje i oktober til TV-Aksjonen, og i desember for Leger uten grenser.

### Konsertturné 14.-16. april

I april arrangerte vi konsertturné med *Verdis Requiem* saman med musikklinjekora ved Firda vidaregåande skule og Eid vidaregåande skule, tilsaman 140 songarar, med stort orkester på 45 musistarar og solistane **Nina Gravrok, Siv Iren Misund, Jacob Skov Andersen og Trond Gudevold**. Dirigent var **Michael Pavelich**. Til saman kom det 990 publikummarar på dei tre konsertane i Operahuset Nordfjord på Nordfjordeid, Førdehuset i Førde og Sjøborg Kulturhus i Ulsteinvik.

### Musikkteaterskule

Vi fekk tildelt kr 300.000 i gåvemidlar frå Gjensidigestiftelsen for å arrangere gratis musikkteaterskule for born og unge i 2023. Vi arrangerte sommarskule 24.-29. juli i Operahuset Nordfjord for 33 born i alderen 10-16 år og eit to-dagars tilbod i haustferien, 9.-10. oktober med 42 deltakarar i alderen 10-19 år.

Det er eit viktig prinsipp at skulen skal vere gratis for alle, og at det er eit lågterskeltilbod utan audition. Vi ønskjer særleg å nå ut til born og unge som normalt ikkje er med i kulturelle tilbod gjennom året, og som ikkje har råd til å delta i dei kommunale kulturskulane i Nordfjord.

### Soga om Sol – hovudproduksjonen

Den største og mest ressurskrevjande produksjonen i 2023 vart den nyskrivne utvandarmusikalen *Soga om Sol* med libretto av Øystein Wiik og musikk av Gisle Kverndokk. For aller første gong hadde vi berre lokale profesjonelle aktørar på scena – dei 12 profesjonelle kom frå Nordfjordeid, Sandane, Hornindal, Stryn, Ørsta, Volda og Askvoll. Også i det kunstnariske teamet var det lokal dominans, med regissør og musikalsk leiar Michael Pavelich frå Nordfjordeid, scenograf Anndi Bergset frå Stryn, kostymedesignar Heidi Kverndokk frå Ålesund, Ovar Holmen frå Nordfjordeid og regiassistent/koreograf Gard Bjørnson og maskør Hege Ramstad frå Oslo. Hovudrollene vart spelte av Ingrid Tykhelle Kayser frå Nordfjordeid, og Eirik Risholm Velle og Kim Helge Strømmen frå Ørsta.

### Konsert til inntekt for TV-Aksjonen

Kvart år samlar vi solistar og musikarar frå hovudproduksjonen til ein konsert i Eid Kyrkje til inntekt for TV-Aksjonen. Alle medverkande stiller opp gratis, vi får leige kyrkja vederlagsfritt og har elles ingen utgifter, slik at alle gåvene som kjem inn, går uavkorta til TV-Aksjonen. Vi fekk inn **kr 22 060** frå **180 publikummarar** til *Redd Barna*. I romjula arrangerte vi spontant ein støttekonsert til inntekt for *Leger uten grenser* sitt arbeid på Gaza og fekk inn **kr 57 365** frå **215 publikummarar**.

### Samarbeid med Eid vidaregåande skule

Sidan 2005 har vi hatt eit fast og forpliktande samarbeid med yrkesfagklassene ved Eid vgs. Dette samarbeidet har auka og blitt meir omfattande med åra og vert definert utifrå kva slags scenografi som skal produserast. På *Soga om Sol* hadde vi òg med fem elevar som køyrde følgespot.

Arbeidsressursen frå skulen si side, både frå lærarar og elevar, er av stor verdi for Opera Nordfjord, og vi set stor pris på deira bidrag. Til gjengjeld får skulen samarbeide tett med dyktige, profesjonelle og ettertrakta scenografar, kostymedesignarar og maskørar, som i månadane frå skulestart til operapremiere i starten av oktober utgjer ganske mange arbeidstimar i veka. Både lærarar og elevar lærer seg nye teknikkar frå år til år, noko som gir skulen auka kompetanse i lærarkollegiet på yrkesfag. Slik er operaen og skulen til gjensidig nytte og glede for kvarandre – kanskje kan vi vere med på å inspirere til vidare utdanning og ein yrkesveg innan scenekunstheltet!

### Utlån til skular og organisasjonar

Opera Nordfjord stiller kostyme, kulissar, rekvisittar og parykkar til fri disposisjon eller veldig låg leige for fleire skular; utanom Eid vgs og Eid Ungdomsskule er både Firda vgs (Gloppen), Volda vgs (Volda), Vanylven vgs, Fagerlia vgs (Ålesund), Fjordane Folkehøgskule, Sunnfjord Folkehøgskule og Dramalinja ved Høgskulen i Volda innom våre lager og verkstader i løpet av året og låner det dei treng til sine respektive sceneproduksjonar. I tillegg hjelper vi både

barneskular, ungdomsskular og det frivillige organisasjonslivet i regionen ved behov. I 2023 lånte vi ut eit stort tal kostyme til musikkspilet *Elskhug & Eksis* på Nordfjordeid.

Vi er glade for at dei statlege, fylkeskommunale og kommunale tilskota, som har vore nytta til å opparbeide Opera Nordfjord sitt innhaldsrike lager, direkte bidreg til at andre produksjons- og utdanningsmiljø får løfta kvaliteten på sine produksjonar.

### Dei tilsette

ON har 2,45 årsverk fordelt på tre kvinner i til saman 1,95 stillingar (operasjef i 100%, produsent i 70% og verkstadansvarleg i 25%) og ein mann i 0,5 stilling (kunstnarisk leiar). Stiftinga kjøper tenester til marknadsføring, oppdatering av nettsider og sosiale medium.

### Dugnadsapparatet

Noko av det aller viktigaste for Opera Nordfjord er å ha eit velfungerande dugnadsapparat som er motivert og inspirert til å delta i ein ny produksjon kvart år. Vi må ta vare på dei frivillige, sjå dei og setje pris på den innsatsen dei legg inn i operaen sitt virke, og vi må ta på alvor at mange etter kvart oppnår høg alder og treng avløyning av yngre krefter. Rekruttering av nye frivillige er difor ei pågåande, prioritert oppgåve, med eit mål om å få med fleire, også dei med framandspråkleg bakgrunn. I 2023 fekk vi med tre ukrainske medarbeidarar innanfor kulisseproduksjon, scenearbeid og påkledararbeid, og dei gjorde framifrå arbeid for oss. Dugnadsarbeid er svært viktig for språklæring, og vi vonar at vi får med fleire nye, gode hjelparar gjennom samarbeid med Eid Frivilligsentral og Vaksenopplæringa i åra som kjem.

### Operaens Venner

Sidan oppstarten i 1998 har Operaens Venner vore sentral i Opera Nordfjord sitt virke. Gjennom stort engasjement med loddsal, innkjøp av utstyr og anna frivillig arbeid har deira aktivitetar vore ein stor ressurs og tidvis også ei inntektskjelde for Opera Nordfjord. Leiaren i Operaens Venner er fast medlem i styret i Opera Nordfjord. Operaen Venner har eit samla ansvar for alt publikumsretta arbeid under forestillingane, inklusive drift av kafé/bar, der dei gjer ein stor og uvurderleg innsats.

### OperaNorge

Opera Nordfjord er medlem i OperaNorge, ein interesseorganisasjon for ALLE som driv med operaproduksjon i Noreg. Fullverdige medlemmar er alle som *produserer fullsceniske produksjonar* – det vil seie Nasjonaloperaen, regionoperaene og distriktsoperaene - medan mindre operamiljø som arrangerer konsertar og mindre omfattande forestillingar kan vere assosierte medlemmar. Dette nettverket er av stor betydning for alle medlemmane og er ein viktig arena for meiningsutveksling, rådføring og støtte i det viktige arbeidet med å gjere operakunsten tilgjengeleg for folk flest i landet vårt. OperaNorge har to medlemsmøte i året.

### Mangfald og inkludering

I 2023 vart Opera Nordfjord sertifisert til Balansekunst sitt **Balansemerket**. Det forpliktar oss som organisasjon til å motarbeide hersketeknikkar, seksuell og anna trakassering og

arbeide FOR inkludering og mangfald. Opera Nordfjord ønskjer å vere ein inkluderande arbeidsplass og oppdragsgjevar for alle, uavhengig av kor i organisasjonen ein høyrer heime.

Vi er opptekne av at born og unge frå all slags bakgrunn skal finne ein trygg plass i Opera Nordfjord gjennom tilbodet om gratis Musikkteaterskule for alle, som etter kvart vert tilbydd både om sommaren, i haustferien og i vinterferien, for å skape ei meir kontinuerleg, men konsentrert drift over fleire dagar fleire gongar i året. Skulen skal vere ein arena der alle kjenner seg inkludert, og der ein får nye venner på tvers av alderstrinn og kommunegrenser.

Arbeidet med språkpraksis for flyktningar held fram, først og fremst i kulisseyarbeid og påkledararbeid, men er eit tilgjengeleg tilbod for alle i alle typar arbeid i organisasjonen. Ein tek sikte på å ha informasjonsmøte på vaksenopplæringa og på Internasjonal kafé/Strikkegruppe kvar vår for å ønskje nye frivillige velkomne inn i dugnadsarbeidet.

### Sponsorsamarbeid

Opera Nordfjord har sidan oppstarten i 1998 hatt gode og trufaste samarbeidsavtalar i forskjellig storleik med lokale og regionale verksemder. Sponsormarknaden i Nordfjord er avgrensa for kulturaktørar i regionen vår, med få tunge bidragsytarar. I 2022 inngjekk Opera Nordfjord ein ny 3-årig avtale med **Sparebanken Vest**, som betyr mykje for vår økonomi. Banken har bidrege sterkt gjennom 25 år, enten som hovudsponsor eller gjennom tildeling av gåvemidlar. Vi har eit viktig arbeid å gjere i 2024 med å skaffe minst ein ekstra hovudsponsor og fleire sponsorar på dei mindre sponsorpakkane.

### Økonomi

Rekneskapan for 2023 vart gjort opp med eit underskot på **kr 457 995,-**. Det er fleire årsaker til underskotet, mellom anna vesentleg svikt i billettsalet til *Snøsystema* og svikt i forventa inntekter i form av både sponsormidlar og gåvemidlar. Det var overraskande at vi i jubileumsåret ikkje fekk gåvemidlar til urpremieren på *Soga om Sol*, som var eit stort økonomisk løft. I tillegg har vi hatt overforbruk på husleige, hotell og reiser, som i stor grad har vore prisauke.

I 2023 fekk Opera Nordfjord **kr 5 525 000** i ordinær støtte (kr 5.410 000 + kr 115 000) og **kr 210 000** i mangfaldsmidlar frå staten, **kr 1 795 000** frå Vestland fylke og **kr 579 643,-** frå **Stad Kommune**. Vi fekk kr 100.000 i gåvemidlar frå Sparebanken Vest til Requiem-turnéen, generelle gåvemidlar på **kr 135 000** og **kr 300.000** frå Gjensidigestiftelsen øyremerka gratis musikkteaterskule for born og unge.

Opera Nordfjord fekk inn **kr 190 000** i sponsor- og annonseinntekter i 2023.

Tilskodartalet, og dermed økonomien til stiftinga, varierer frå år til år. For vårproduksjonen og hovudproduksjonen nådde vi forventa billettsal med eit overskot på ca. kr 118.000. medan Snøsystema hadde mykje lågare inntening enn forventa. Vi har ein jobb å gjere med betre marknadsføring for igjen å fylle operahus og kulturhus med nye publikummarar.

Arbeidet for å sikre ein sunn økonomi vil framleis vere styret si viktigaste oppgåve.

Styret ynskjer ein solid eigenkapital som tryggar arbeidsplassane. Eigenkapitalen må òg vere stor nok til å tole at oppsettingar går med underskot, slik at berekraftig drift kan sameinast med trongen for kunstnarisk utvikling. Styret ønskjer at stiftinga framleis skal ha handlefridom til å kunne satse på produksjonar med avgrensa kommersielt potensial.

Resultatrekneskapan og balansen syner, slik styret ser det, den økonomiske stoda for stiftinga.

Styret meiner det framleis er grunnlag for drift av Opera Nordfjord under føresetnad av nøkterne disposisjonar og støtte frå offentleg og privat hald.

Styret gjer framlegg om at årets underskot på **kr 457 995,-** vert dekkja inn av offentlege midlar frå 2024-budsjettet.

### Styret

Styret for 2023 var slik samansett: **Randi Nyhammer-Taklo** (styreleiar) frå Eid, **Solfrid Bjørkum** (nestleiar og skrivar) frå Gloppen, **Sonja Edvardsen** (styremedlem) frå Eid, **Grete Berntzen** (styremedlem) frå Bremanger og **Roy Aron Myklebust** (styremedlem) frå Stryn.

Varamedlemmar: **Anndi Bergset** frå Stryn og **Geir Solvåg** frå Selje

Arbeidsmiljøet er framleis godt og sjukefråveret er lågt. Drifta fører korkje til forureining eller utslepp som kan vere til skade for tilsette eller det ytre miljøet.

Nordfjordeid, den 07.02. 2024

Randi Nyhammer-Taklo  
Styreleiar

Kari Standal Pavelich  
operasjef, Opera Nordfjord